



KULTURPRISEN

BYKLE KOMMUNE 2023

KVEN MARKERER SEG INNAN KULTURARBEIDET I KOMMUNEN? NÅ BER BYKLE KOMMUNE OM DIN KANDIDAT.

FRIST 15. MARS

SKRIV KVIFOR DU YNSKJER Å NOMINERE DIN KANDIDAT OG SEND TIL POSTMOTTAK@BYKLE.KOMMUNE.NO FOR MEIR INFO OG RETNINGSLINJER, SJÅ BYKLE KOMMUNES NETTSTAD

INFO til lag og organisasjonar



LIM-midlar

Likestilling, inkludering og mangfald.
Lag og organisasjonar som har eller planlegg aktivitetar og/eller arrangement som vil ha positiv verknad for likestilling, inkludering og mangfald i kommunen, kan søkje om midlar til dette.
Send søknad til postmottak@bykle.kommune.no

Kulturmidlar til lokale lag og organisjonar.

Alle lag og organisasjonar som driv med kulturaktivitetar i Bykle kommune, kan søkje om kulturmidlar.
Retningslinjer og elektronisk søknadsskjema for kulturmidlar finn du på Bykle.kommune.no/kulturmidlar.
Eit tips er å sjå gjennom søknadsskjemaet i god tid før søknadsfristen for å bli klar over kva opplysningar om drift og rekneskap søknaden krev.

Søknadsfrist 1. april



Kollektivt meir tilpassa deg
Eit tilbod frå Agder kollektivtrafikk

Vi svippar deg frå dør til dør

Bestill Svipptur på svipp.akt.no eller på telefon 907 16 815

AKT Svipp i Bykle er ei samkøringsteneste for alle i Bykle kommune. Vi hentar deg der du er, og køyrer deg dit du skal innanfor gyldigheitsområdet.

Dette er AKT Svipp:

- AKT Svipp blir køyrt med eigen minibuss måndag og torsdag mellom kl. 8.30 og 14.30. Minibussen hentar deg heime til avtalt tid, og køyrer deg dit du skal innanfor området der du kan reise med AKT Svipp.
- AKT Svipp er ei samkøringsteneste, og dette inneber at det kan kome på fleire passasjerar på bussen under turen. Hugs å rekne god tid dersom du har ein avtale til eit bestemt klokkeslett.
- Du kan bestille reise 1 veke fram i tid, og du kan ha 10 aktive bestillingar om gongen. Oppgi kva tid du ønsker å bli henta og køyrd heim att, om du treng hjelp med handlenett og liknande, eller om du har med hjelpemiddel som til dømes rullator eller rullestol.



Kulturkafé


22 mars i Bykle samfunnshus klokka 18.00. I samarbeid med frivilligsentralen kjem avtroppande prostidiakon Per Emanuelsen for å leie panelsamtale om temaet: "Har me eit inkluderande samfunn?".
Det blir òg sal av ukrainsk mat denne kvelden.

Bli kjend-treff på Vaksenopplæringa

Til alle karar og kvende, unge og gamle i Bykle kommune! Våre ukrainske byklarar ynskjer å bli kjende med fleire og å snakke norsk. Kom gjerne innom på vaksenopplæringa (ved sidan av rådhuset) mellom kl.10:45-12:00 onsdagar, for ein uhøgtdelig prat og ein kaffikopp

Boksirkele

Boksirkelen møtast måndag 13/3 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Jeg foreslår at vi våkner" av Beate Grimrud. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med **Velkomen!**
Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral





Hovden grendehus:

Tysdag 14. mars
kl.16.30 - Kutoppen
kl.18.30 - The Whale




Bykle samfunnshus:

Laurdag 11. mars
kl.16.30 - Kutoppen
kl.18.30 - The Banshees of Inisherin

Kan du tenkje deg å vere kinovakt på bygdekinoen i Bykle?

Me treng ein person over 16 år som kan stille ein laurdag i månaden. Aktuelle oppgaver for vakta er: Møte opp ein time før førestilling, hjelpe kinomaskinisten med løft av utstyr før første og etter siste film. Vere brannvakt. Honorar 550,- per gang. Ta kontakt med merete.egeland@bykle.kommune.no



2023 BYKLE og VALLE

18.03 UKM SCENE og KUNST FORESTILLING

FORESTILLINGEN STARTER KL 15:30 PÅ HOVDEN GRENDEHUS ALLE ER HJERTELIG VELKOMNE!





Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no
Frist for marsutgåva er 15.02

www.bykle.kommune.no

Politiske møter og saksdokument vart finn dykk på heimesida under «INNSYN»

Høyrsele

Audiograf Caroline Dankworth fra LMT Evje, kjem til Bykle helsesenter på kommunebesøk 22. mars. Dette er eit tilbud til deg som alt har høyreapparat.

Ynskjer du time ta kontakt med høyrselkontakt i kommunen

Annette Trydal Telefon 91641495 eller E-post Annette.trydal@bykle.kommune.no

Kulturmidlar til lokale lag og organisjonar

Alle lag og organisasjonar som driv med kulturaktivitetar i Bykle kommune, kan søkje om kulturmidlar. Retningslinjer og elektronisk søknadsskjema for kulturmidlar finn du på:

bykle.kommune.no/kulturmidlar.

Eit tips er å sjå gjennom søknadsskjemaet i god tid før søknadsfristen for å bli klar over kva opplysningar om drift og rekneskap søknaden krev.

Søknadsfrist er 1. april.

LIM-midlar Likestilling, inkludering og mangfald

Lag og organisasjonar som har eller planlegg aktivitetar og/eller arrangement som vil ha positiv verknad for likestilling, inkludering og mangfald i kommunen, kan søkje om midlar til dette.

Send søknad til postmottak@bykle.kommune.no

Søknadsfrist 1. april.

Bostøtte

Bostøtte er ein statleg ordning for deg som har låg inntekt og høge buutgifter.

Sjekk husbanken.no/bostotte for å sjå om det er aktuelt for deg.

STYRK-økonomien

er eit tiltak for deg som har kome i ein økonomisk vanskeleg situasjon på grunn av auka leviekostnader. Meir informasjon finn du på bykle.kommune.no

SUMMIT
BYKLE-HOVDEN FRITIDSKLUBB

JR. KLUBB (5. - 7. TRINN) 17:30 - 19:30
HOVDEN ONS 01.03 / BYKLE ONS 29.03

KLUBB (7. - VGS) 19:00 - 22:00
HOVDEN FRE 03.03 / HOVDEN FRE 31.03

UKM SCENE OG KUNST FORESTILLING
LØRDAG 18.03 FOR ALLE!

MED ATTERHARLD OM ENDRINGAR

VENNLEG HELSING IDA OLSEN-SUND, FAGLEIAR UNGDOM OG KULTUR M:95823738

Ordinære opningstider kulturhus og bibliotek

Hovden grendehus og bibliotek:
Måndag - Torsdag 8-21, Fredag 8-16

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Måndag 10-16.30, Onsdag 13-15, Torsdag 10-16.30
Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.

grendehuset@bykle.kommune.no / tlf: 90216856
samfunnshuset@bykle.kommune.no / tlf: 47685262
biblioteket@bykle.kommune.no / FB: Bykle folkebibliotek

Tømekalender

Restavfall: 08.03

Matavfall: 08.03, 22.03

Papir, glass/metall, plast: 22.03

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

5.mars kl 16.00 Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje

19.mars kl 11.00 Gudsteneste i Bykle kyrkje

19.mars ca kl 12.00 Kyrkjelydens årsmøte i Bykle kyrkje

Det vert bibeltimar med Johan Olsen

i kyrkjekjellaren onsdag 8. - laurdag 11.mars kl.19.00.

Søndag 12.mars kl.11.00. Tema for bibeltimane er Galaterbrevet. Arr. Misjonssambandet

Møte på Klippen

sundag 26. mars kl 16:00. Hans Erik Haldorsen taler.

Innkalling til årsmøte i Hovden Sportsklubb

Styret innkaller herved til årsmøte i Hovden Sportsklubb.

Årsmøtet avholdes mandag 27. mars 2023 klokken 1800 i kinosalen på Hovden grendehus.

Saker som et medlem ønsker behandlet på årsmøtet, må sendes styret i vedlagte mal senest 13 mars 2023 til klubbens e-post: post@hovdensportsklubb.no

Fullstendig sakliste med alle saksdokumenter vil bli gjort tilgjengelig for medlemmene senest én uke før årsmøtet på klubbens hjemmeside: Årsmøte - Hovden Sportsklubb

Vil du være frivillig på HovdenTour?

25.mars blir årets HovdenTour arrangert, i år blir rennet arrangert for 10 gang. Folk i Bykle kommune er utrolig flinke til å støtte oppom dette arrangementet, som funksjonærer. Om der fortsatt er noen som ikke er arrangørstaben. Funksjonærene får jakke og lue som takk for hjelpa. Ta kontakt med Roar Hjelmeset på Roar@hovdentour.no om du vil være frivillig. Det er Hovden Sportsklubb og Bykle IL som er arrangør klubber for rennet. Overskuddet går til disse 2 klubbene.

Ellers er det fint om mange fra Bykle Kommune er med og går rennet eller sprer positiv omtale om rennet, da kan det bli mange deltakere til start

Vennleg helsing Roar Hjelmeset Dagleg leiar HovdenTour



ynsker gamle og nye medlem velkommen til

10 års jubileum og årsmøte

Fredag 10.mars kl 18.00, Hylestad Soknehus

Program:

Kl.18.00: Årsmøte med vanlege årsmøtesaker

Kl.19.00: Servering av setesdalsuppe, eplekaker, kaker og kaffi ved Hylestad Bygdekvinneag

Kl.20.00: Jubileumsfeiring: Astri Rysstad kåserer om saga til Setesdal Sogelag og Svein Kleivane seier soger.

(Sjå årsmelding m.m. på <https://www.facebook.com/groups/setesdalsogelag>)



Open stall

Det vert arrangert open stall to laurdagar i vinter. Då er det mogleg å kome på besøk til hestane, stelle, kose og ri litt. Vi lagar òg nokre aktivitetar som kjepphest- hopping, og øving på å handtere hest frå bakken.

Datoar for dette er:

4. mars kl 12-14

1. april kl 12- 14

I Fjellgardshallen er det òg ein koselig kafè, med utsyn mot ridehallen. Det er opent kvar laurdag fram til påske, mellom kl 11-16. Det er eit flott turmål for skituren, gåturen eller bilturen. På menyen står det kake, vaflar, kakao, kaffe og anna godt. Gode muligheter for å sjå hestar.

Velkommen til kafè og open stall.

Helsing Bykle og Hovden Rideklubb

Er du busett i Bykle kommune? Våren 2023 kan du booke **buldreveggen** også i helgene, heilt gratis!

Ta kontakt med resepsjonen på Hovden grendehus for booking på epost, telefon eller stikk innom i opningstida.

